



BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 4 | desember 2022 | Årgang 64



Litt jol på mobilen?

God jul til små og store!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik
Dagleg leiar/kyrkjevevjerje:
Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917
kyrkjevevjerje@ulvik.kyrkja.no
Organist: Edyta Bryk Tlf: 967 42 927,
ebryk@interia.pl
Barne- og ungdomsarbeidarar:
Jorunn Berge Aarvik, tlf. 452 28 287,
tiljorunn@gmail.com
Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægredsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51
Telefontid tysdag og torsdag kl. 09.00-14.00
Kyrkjevevjerje: Tone Felle Nesheim,
tone@eidfjordkyrkje.no
Assisterande kyrkjevevjerje: Irene Viveli,
irene@eidfjordkyrkje.no
Organist: Kris Ulita, rufsenis@gmail.com
Kyrkjetenar: Christian Bouvain,
christian@eidfjordkyrkje.no
Barne- og ungdomsarbeidarar:
Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no
Diakoniarbeidarar og klokkar: Ingeborg Wijland,
ingeborgwijland@gmail.com
Soknerådsleiar: Kari T. Hovland, telefon: 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Johannes Pettersen, 53 66 52 51 /
913 40 828, johannes@eidfjordkyrkje.no
Ulvik: Bengt Staffan Arvidsson
BA735@kyrkja.no, tlf.: 902 58 161
Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prostene,
tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Tone Felle Nesheim, Wilma Bergman og
Kjersti Næsheim. Kyrkjevevjerje Willemina van Manen,
soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem
Stein-Arnold Hevrøy.
Redaktør: Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077
steinar.berge@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359

Bladpengar	kr 200,-
Utanbygds	kr 300,-
Utanlands	kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og
gåver til kyrkjebladet.

**Nettopp du gjer at me held hjula i gang!
Takk til annonsørane våre for støtta, og
me oppmodar bygdefolka om å støtta
dei igjen!**

Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

TEKST: HALVOR NORDHAUG

Den kjende svenske forfattere Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må koma! Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko. Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde, viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet. Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Telefontider Eidfjord kyrkje

Kyrkjekontoret i Eidfjord er ikkje bemanna alle dagar. Du treffer oss lettast på telefon tysdagar og torsdagar frå kl. 09.00–14.00. Du kan gjerne prøva å ringje utanom telefontida, men då kan det henda det ikkje er folk tilstades.



Kva skal du gje til jol i år?



Det er tid for ynskjelister, eller er det tid for omtanke?

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

I 2021 brukte me om lag 120 milliardar på jolefeiringa i Noreg. I år er tipset 124 milliardar. Dette trass i auka utgifter til mat, straum, brennstoff og anna. Korleis skal ein tolka desse tala? Det er ikkje slik at desse pengane er likt og rettferdig fordelte, og at alle gler seg til kjøpefesten. Skilnaden mellom folk har stadig auka, og det er born og vaksne som ser jola mørkt i møte. Mange har dårleg råd no, det går ut gjerne utover born! Det som er vondt, vert større i tider då mange gler seg! Det er ikkje berre pengemangel som skaper vonde kjensler. Rikdommen kan og ha negative konsekvensar. På eit større skulemøte stilte nokon spørsmålet «Kvifor dei unge hadde det så vanskeleg og opplevde livet så tomt i verdas rikaste land?» Svaret var truleg enklare enn ein visste om: Born og unge har alt, og det er alt! Det er flott å ha det så godt, men ein gløymer at det berre er halve sanninga. «Ta ungdommen og borna i bruk», har nokon sagt. Gleda ved å gje og gjera noko for andre er grunnleggjande for å kjenna glede og meining. Ateisten Arnulf Øverland skriv jamvel om denne gleda i «En hustavle»: «Det at du gleder en annen, det er den eneste glede». Eg husar ein ungdom som sa at når ho hjelpte ei venninne som hadde det vanskeleg, så fekk ho det betre sjølv!

«Det at du gleder en annen, det er den eneste glede»

Ein annan stad skriv Øverland: «...med din rikdom vil du selv bedra dig; men hvad du gav, kan ingen ta ifra dig.» (Frå «Til en misantrop».) Eller som ho som låg på det siste, sa: «No har eg ikkje anna enn det eg har gitt bort.» «Gje, så skal du få» er eit anna uttrykk som understrekar det same. Det er ikkje pengeverdien, men måten og omtanken som er avgjerande. Eg har lese i ei bok om ei dame som hadde berre ein denar å ofra, medan andre gav mykje pengar. Ho gav alt ho eigde! Nokon som hadde vore i eit fattig land, kunne fortelja om gjestfrie innbyggjarar som svalt sjølve, for å ha noko å gje gjestene! Sjølv sagt skal ein gleda seg over å få presangar, men i desse tider er tanken bak det ein gjev av tid og presangar, viktigare enn prisen. Tid er og vorte ein knapp ressurs i våre dagar. Når små born har brukt tid på å laga ein teikning, så krev det både tid og omtanke. Kven har ikkje fått eit skjerebrett laga

på sløyden med påskrifta Til mamma, og minnest eit lysande andlet frå den som har gjort jobben. Så ei gåve treng ikkje vera kjøpt, der prisen sikrar kroneverdien. Tid og omtanke er gjerne det mest verdifulle for ei bestemor som har hyllene fulle av nips, men sjeldan får besøk. Det gjeld å verta sett og vist omtanke. Kanskje eit brev, ein telefon eller eit bilete på Snapchat er betre enn ikkje, dersom du veit om nokon som er åleine!



Glede har to sider og fungerer best når begge sidene er aktive! Å bruka 124 milliardar kan lett verta «ein billeg» måte å sleppa unna maset på. Bruk gjerne pengar på dei som har lite både i Noreg og elles i verda. Ta gjerne med borna på slike gåver, samstundes som gåver og høyrer med til små og store. Kanskje me skal hugsa på ein utanom dei nære i år, ein som svelte, ein framand, ein einsam, ein sjuk og småfuglane! Lat lista i år ha overskrifta «GÅVELISTE»/»DETTE SKAL EG GJE TIL JOL I ÅR», eller at gåvelista i alle fall kjem i tillegg til ynskjelista! Spørsmålet etter jol bør vera: «Kva gav du til jol i år?» Lukke til med førebuingane, og ei gledeleg jol til alle!

PS!

Etter å ha avslutta desse tankane om å gje, kjem tala frå ho som fører rekneskap for Brubbyggjaren. Det er raude tal og underskot. Me skjønar at somme synest dei vert «pådytta» bladet, andre finn det lite interessant, atter andre gløymer å betala. Brubbyggjaren er avhengig av «kundane» for å vera liv laga! Er underskot på drifta eit dårleg signal? Kva kan me gjera annleis? Me legg likevel blankett for innbetaling i dette nummeret òg. Som de såg, var det òg innbetalings-blankett i førre nummer. Redaktøren var ein av dei som automatisk betalte giro nr. 2! Som reaksjon på det, skriv kyrkjevevjerja i ein mail: «Det er ei god vane! Berre betal giroen ein gong til!» Måtte fleire fylgja oppfordringa, men kanskje fleire i alle fall vel å verta faste abonnentar?! Porto har auka, fint papir og trykking i fargar må betalast! Håpar du finn noko av verdi i Brubbyggjaren nr. 4 og støttar bladet! Nissen har me ikkje tru på i denne samanhengen! Men kanskje kyrkjebladet kan vera julehelsing til ein utflytt slektning?

– For finansministeren, Red. –

JOLAFTAN

– ein kveld for omtanke



Jola er tradisjon, omtanke og tru. Kva som veg tyngst for den einskilde, veit me ikkje, og kva eit menneske tenkjer, er ei personleg sak. Men til saman skaper dette både identitet og samhald mellom oss. Det er vår lange historie og er viktig i ei tid der mykje smuldrar bort!

TEKST: REDAKTØREN OG TONE FELLE NESHEIM
FOTO: REDAKTØREN

Moderne kommunikasjon gjer kontakten enklare, men kan og by på utfordringar som går på det nære reint menneskeleg. Noko av det tidlegare enkle og primitive hadde mykje nærleik i seg. Bergo låg langt uti bushen, men me såg ned til sentrum der kyrkja låg dersom me gjekk fram på Kyrkjehaugen. Namnet levde opp til funksjonen. Derifrå kunne me sjå kyrkja, og jamvel høyra kyrkjeklokkene i stille vêt. Utsikta er den same, og enno kjenner folk på Bergo namnet. Men tida har endra seg.



Kyrkjehaugen på Bergo med utsikt til kyrkja og lyd frå klokkene.

I Eidfjord lever enno ei soge om folket som budde på Vivali i eldre tider. I dag er Vivali ein fin hyttestad i passe avstand å gå frå Hjølmoberget. Etternamnet er framleis levande i Eidfjord. Redaktøren hørde denne sogja på eit møte om Brubyggingaren, i Eidfjord. Tone Felle Nesheim har skaffa meg forteljinga som syner stor omtanke for folket i Vivali i 1960. Slik er forteljinga:

«I 1960 kom telefonen til Vivali. Dei fyrste samtalane kunne først straks føre jol det året. Telefonvakta på den manuelle stasjonen ville i samband med jolehøgtida yta litt ekstra service til dei som budde i einsemda i Vivali. Telefonvakta tok kontakt med abonnenten som budde nærast kyrkja på Læg Reid, og

fortalde om planane. Han skulle opna eit vindauge som vende mot kyrkja og leggja mikrofonen slik at han fanga inn klangen av kyrkjeklokkene når dei ringde jola inn. Telefonvakta ringde så til Vivali og fortalde at dersom dei lydde i telefonen frå kl. 17.00 og utover, ville dei få høyra noko som dei aldri hadde høyrte i Vivali før. Dei ville få høyra klokkene i den gamle Eidfjord-kyrkja ringja jola inn.

Då tida var inne, vart sambandet sett opp, og det vart kontrollert at klokkeklangen lydde klårt og reint heilt fram til Vivali. Då telefonvakta etter ei tid gjekk inn på lina for å ta ned sambandet, merka han at Kari stod og gret i telefonen. Stunda hadde vorte noko sterk for ei sart kunstnarsjel. Seinare fortalde dei at den stunda dei fekk lyda til klokkeklangen frå gamlekyrkja i Eidfjord, hadde gjeve høgtidsstemning i heimen som dei aldri hadde opplevd før.»



Gammelt bilete frå Vivalid. Årstal ukjent.

Kanskje har nokon ein idé til å bruka den moderne telefonen til ei helsing, eit bilete, ein snap eller ringja nokon som kanskje er einsam på ein annan måte i 2022?



Utne ungdomskor på besøk i Ulvik

FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

Søndag 23. oktober besøkte Utne Ungdomskor Ulvik kyrkje. Koret består av 10 flinke unge damer. Dei lyste opp gudstene-sta med vakker song. Etterpå var det pizzafest på kyrkjekon-toret. Etter songen smaka det med litt mat! Me håpar at Utne Ungdomskor har lyst til å kome attende til Ulvik kyrkje! Me vil gjerne høyra dei oftare! Takk for denne gongen!



Utne songkor akkompagnert av Edyta Bryk.



Litt velfortent pizza etter fin song.



Ny kyrkjeverje i Eidfjord

TEKST OG FOTO: KARI TVEIT HOVLAND

I Eidfjord har me vore så heldige at me har hatt same dyktige kyrkjeverja i 22 år. Irene Vivali er ei aktiv og sporty dame med mange jarn i elden. No har ho to års permisjon i størstedelen av stillinga si for å driva med det ho likar aller best utanom å vera kyrkjeverje.

Tone Felle Nesheim som har vore kontorsekretær i kyrkja i mange år, har bytt jobb, og er no kyrkjeverja i 50 % stilling. Tone kjenner kvar krinkel og krok svært godt, og me er glade for å ha både Tone og Irene i staben.

Tone er å treffa på kontoret tysdag, torsdag og annankvar fredag; mens Irene er er å treffa tysdagar.



Like smilande begge to! Tone og Irene.



Takk til Magnar Håland

I første nummeret av Brubbyggjaren sende Magnar Håland ei takk til kyrkjelydane i Ulvik og Granvin. Me sende over nokre blad til Granvin, og det er fleire i Granvin som sender helsing, takk og gode ynskje til Magnar. Her er nokre av dei:

Takk for tenesta, Magnar!

Magnar Håland har sagt opp stillinga si i Ulvik og Granvin. I siste nummeret av kyrkjebladet fortel han om bakgrunnen for det. Eg trur mange har sett pris på den tenesta Magnar har gjort mellom oss. Han er folkeleg og omgjengeleg, og før gudstenesta byrjar, er det ikkje uvanleg med ein liten runde nedetter kyrkjegolvvet; anten for å testa mikrofonen eller informera om gangen i gudstenesta!

Me takkar for tenesta di, Magnar, og vonar at du kan få gode år framleis, trass i sjukdommen.

Guds velsigning!

Kåre Johan Hamre

Soknerådsleiar i Granvin, Sigvor Melve Schrey, skriv:

TAKK, Magnar

For at du har vore i teneste hjå oss

For at du er den du er

For at du bryr deg

For alt arbeid du har lagt ned her

For at du er medmenneske



Me har så mykje å takka deg for. Berre at du trekkjer deg tilbake no, så me kan få ein anna prest, viser kva omsorg du har for kyrkjelydane. Det skal me vera klare over, at det er langt frå alle som hadde gjort.

Å vere prest, er så mykje. Å ha gudsteneste, der me er heldige om nokon kjem, er berre ein liten del av alt.

Konfirmantane, har du gjerne hatt på måndager, på fridagen. Eg kan ta den ein anna dag, har du sagt. Du har nok mange fridagar tilgode. Alt det praktiske og administrative arbeid, som ingen ser.

Dette er berre nokre ting, og som du har gjort på ein god måte. Så veit me at du er i Herrens hender, og er takksame for det. Ynskjer deg lukke til med alt.


Helsing

Sigvor Melve Schrey

Frå soknerådsleiar, Knut Nes, i Ulvik har Brubbyggjaren fått denne takkehelsinga:

Takk til sokneprest Magnar Haaland. Magnar Haaland har vore sokneprest i Granvin og Ulvik sidan 2016. Mange kjende han godt frå tida som prostiprest i Hardanger og Voss prosti i ein del år. Me i Ulvik sokneråd synest det var ei lukke at Magnar Haaland vart utnemnd til sokneprest i sokna våre. Magnar har ein veremåte som høver godt mellom folka i fjordbygdene våre. Han kan sleppa seg laus og gje kommentarar frå preikestolen som gjer at kyrkjelyden både dreg på smilebanda og gjerne ler av historia. Samstundes har han eit djupt alvor både i tale og i møte med menneske når det er rett. Diverre har Magnar Haaland slite med alvorleg sjukdom i mange år. Han har no kome til at han ikkje maktar å utføra oppgåver knytte til dei kyrkjelege handlingane, men han held fram med arbeid i prostiet med oppgåver for prosten. Magnar Haaland har heile tida vore open om helseproblema sine. Me er veldig imponerte over hans livsmot og pågangsmot trass i store påkjenningar med sjukdomen, operasjonar og behandling. Frå soknerådet i Ulvik gjev me Magnar Haaland ein stor takk for dei gode tenestene han har utført i soknet i desse åra. Me vonar at helsa held framleis, slik at Magnar Haaland kan oppleve gode år framover. Me er mange som tenkjer mykje på han og ynskjer han det aller beste i tida som kjem.

Knut Nes, Ulvik sokneråd



Me minnest våre kjære

TEKST OG FOTO: TONE FELLE NESHEIM

Minnegudstenesta i Eidfjord vart ei fin stund. Ingeborg og Kjersti hadde pynta med ljøs både ute og inne, så det var fin og lun stemning.

Det var ti kjære som hadde gått bort sidan forrige minnegudsteneste, og mange møtte fram for å minnast sine, anten dei hadde mista nokon i år eller tidlegare. Namna på dei ti vart lesne opp, og eit ljøs for kvar vart tent framme på alterringen. I tillegg kunne alle som ønska det, tenna ljøs i globen bak i kyrkja.

Me er så heldige i Eidfjord at fleire av våre tilsette er musikalske. Denne gudstenesta var fylt med song og musikk. Johannes, presten vår, song «Himmelhøge sti», og Ingeborg, klokkaren vår, song «Ein fin liten blome». Organist, Kris spelte «Toccat» av Daniel Olsson, og saman med Johannes på gitar, spelte han også salma «Ingen vinner frem til den evige ro». Etter gudstenesta var alle inviterte til kaffi, eplekake og is i kyrkjelydssalen. Me retter ei stor takk til alle som kom og var med oss på denne minnegudstenesta.



Ei vakkert pynta kyrkje, klar til å ta imot dei som vil minnast sine døde.

Alle helgensdag i Ulvik kyrkje

Opphavleg ein dag der ein tenkte på alle helgenar i kristendommen. Ein meiner at dagen skriv seg heilt tilbake til 700-talet.

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Paven utnemnde helgenar. Seinare er dagen ein dag der ein minnest dei døde. På kyrkjegardane tenner ein lys på gravene, Og i kyrkjene vert dei som har døydt siste året, minna med ljostenning, og ein minnest andre døde frå tidlegare.



Preludium ved Bengt på fløyte og Edyta på orgelet.



Elin les opp namna på døde sidan sist alle helgens dag, og Stein-Arnold tenner eit lys for kvar me har mist.



I preika si tok Bengt til med spørsmålet: «Kjem me til himmelen?» Eit aktuelt spørsmål for alle, men særleg på ein dag me minntest våre døde.



Vekselbøn mellom prest og klokkar.

Preika bygde på «Evangeliet etter Astrid Lindgren» om bondedrengen Alfred som sov på søndag i staden for å gå i kyrkja, trøyt av arbeidet, men med dårleg samvit for ikkje å fylgja opp slik han burde. Men han vert teken imot i Himmelen. Alle lysa syner at me har mist mange dette året.



Sjå og bli sett

For første gong var det samla minikonfirantar frå seks forskjellige sokn i Ullensvang kyrkja.

TEKST OG FOTOE: MANUELA BJOTVEIT

35 born frå Skare, Odda, Lofthus, Kinsarvik, Eidfjord og Utne hadde ein kjekk ettermiddag i lag. Ein god del vaksne var òg med.

Då me kom, fekk alle utdelt ein kvit caps. Namnet skulle stå på capsen elles var det fritt fram med kreativiteten. Etter ei kort oppstartsamling i kyrkja delte me oss i fire grupper. På fire stasjonar blei dei litt betre kjende med kyrkja, hørte om bibelforteljinga om Bartimeus, var kreative og song. Etter alle var ferdige med stasjonane, samla me oss til pølsegrilling ved stranda i vakker solnedgang. Me avslutta med ei gudsteneste i kyrkja. Det var ein kjekk ettermiddag.



Kva er sorg?



mista! Å etterlata seg stor sorg er eit prov på at livet ikkje har vore bortkasta. I Håvamål står det: »Døyr fe; døyr frendar; døyr sjølv det same. Men ordet om deg aldri døyr; vinn du eit gjetord gjævt.» Minne om godt vennskap og godt fellesskap er grunnlaget for den store sorga, og byggjer eigentleg på noko positivt. Det ville faktisk vera eit dårlegare teikn om ein ikkje syrgde! I jola og andre høgtider når folk skal gleda seg og vera i lag, vert sorga og saknet sterkare. Ta vare på alle gode minne! Dei lyser opp i mørkret.

Carlo Rovelli – italiensk fysiker - skriv i boka Tid: *«Men det er ikke fraværet som forårsaker sorg. Det er hengivenhet og kjærlighet. Hvis det ikke fantes hengivenhet, hvis det ikke fantes kjærlighet, vil man heller ikke sørge over noen som ikke er der lenger. Derfor er sorgen over at noen ikke lenger finnes, i bunn og grunn godt og vakkert, fordi det er forbundet med det som gir livet mening.»*

TEKST: REDAKTØREN

Sorg kan opplevast for ulike hendingar i livet. Det mest allmenne er sorg over å ha mista nokon, sorga over ein som er død. Døden er slutten på alle liv, men stundom er sorga ekstra sterk og verkar uoverkomeleg. Då kan det vera hjelp i å tenkja på at stor sorg er uttrykk for stor kjærleik til den ein har

Møt våre venner frå Ukraina i Ulvik kyrkje


Ulvik kyrkje er open for møte mellom ulvikfolk og ukrainarar, kvar torsdag frå klokka 12.00 til klokka 15.30. Kikk innom for ein prat!

Meet people from Ulvik in the church

The church in Ulvik is open for a drop in to meet local people for a chat Thursdays from twelve o'clock till three p.m. Welcome!



Foto: Redaktøren



Ukrainian Bible in Ulvik church. Foto: Willemina van Manen

Jolahelsing



Jola nærmar seg i år og. I år vil eg skriva litt om nokre av aktivitetane som er knytte til kyrkja vår. Kvardagen dette året er tilbake til det vanlege etter coronatida, noko me alle er glade for. Krigen i Ukraina ser dessverre ikkje ut til å ta ende med det aller første, og i Eidfjord har me og fått nye innbyggjarar. Me helsar dei hjarteleg velkomne, og håpar dei vil trivast i bygda vår. I mange år har det vore satsa mykje på barne -og ungdomsarbeid, og det har resultert i mange ulike akitvitetar for barn frå 0 – 16 år. I «gamle dagar» då eg hadde mellomste guten liten, var småbarnskafeen driven på gamleskolen. Etter kvart flytta den opp i kyrkja og blei ein del av tilbodet der, og er eit koseleg treffpunkt for både foreldre og dei yngste borna. Etter kvart som dei minste veks til, blir dei inviterte til minikyrkje. Eit tilbod med leik og aktivitet, og felles middag.

Elles vil eg nemna at 4 åringane får bok, og det er Krøllesamling for 2-åringane. Å byrja på skulen må feirast. Då er det fest! Alt dette før borna begynner på skulen. Seinare er det tilbod til minikonfirmantar og etter kvart konfirmantar. Konfirmasjon og førebuing til den dagen går føre seg på tradisjonell vis med samlingar og leir.

Eg skreiv i begynnelsen at det er aktivitetar for alle aldrar. Ungdomane i Eidfjord har i mange år blitt inviterte til forskjellige arrangement ut frå alder. Tårnagentar, naturkul og pilgrimsvandring er turar og opplevingar mange ungdommar har gode og kjekke minne frå.

Til slutt hoppar eg til dei som er fylte 65 år og og oppover. Ferie utan koffert er eit nokså nytt og spennande prosjekt med noko opplegg og middag, og mykje tid til prat. Johannes tek gjerne fram gitaren og stemmer i med ein av mange Bjørn Eidsvåg songane som han har på repetoaret sitt. Dette er noko av det den supre staben i kyrkja brukar ein del tid på. Meir info finn ein på heimesida til kyrkja. eidfjordkyrkje.no Eg ynskjer alle ei god førjolstid og ei riktig god jol i vente.

Mvh
Kari Tveit Hovland
Leiar i Eidfjord sokneråd



Kyrkjevala 2023

TEKST: SOKNERÅDSLEIAR KNUT NES

10. og 11. september skal det veljast nye sokneråd og bispedømeråd. Vala skjer på same dagane som det er kommunestyreval. Alle som er medlem i Den norske kyrkja og er 15 år eller eldre i 2023, har røysterett. I 2023 kan ein førehandsrøysta digitalt frå 10. august til 6. september. Soknerådet skal velja medlemar til nominasjonsnemnd til soknerådsvalet. Det vert truleg gjort på siste møtet før jol i år.

Nominasjonsnemnda avklarar først om nokon frå det sitjande soknerådet vil be seg friteken frå attval. Nominasjonsnemnda sender førespurnad til eit utval personar som dei ynskjer skal vera med på lista over kandidatar. Me ynskjer at folk tek vel i mot ein slik førespurnad. Dersom det ikkje høver å vera kandidat, så gjev ein tilbakemelding om det. Frist for å ha klar liste til vala er 31. mars 2023.

Me ser fram til at det vert god deltaking til soknerådsvalet og bispedømerådet også i år. Det vert meir informasjon omkring vala når tida nærmar seg valdagen. Lukke til.



KOR ER JUSUSBARNET?

Endeleg er det 1. advent.

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Jonas hadde gledd seg så mykje til denne dagen. Første adventssøndag besøker dei alltid besteforeldra. Då skal dei eta peparkake og drikkka kakao. Det første ljuset på adventskransen er tent. Når dei er ferdige med maten, hentar Besten alltid øskja med julekrybba. Fordi Jonas får lov å byggja den opp. Så òg denne søndagen. Besten kom med øskja. Jonas opnar den forventningsfull. Besta hadde gjort klart eit lite bord med ein juleduk som han kan setja stalle på. I lag med pappa hadde Jonas samla rekved i fjøra og bygt ein liten stall til figurane. Den skal på plass først. Jonas tek forsiktig Maria og Josef ut av øskja. Dei skal vera i stalle. Oksen og eselet òg. «Besten», sa Jonas. «Eg veit kvifor Maria og Josef var i stalle. Det har Rolf i minikyrkja fortalt til meg. Det var nemleg slik: Maria og Josef måtte gå veldig langt til ein annan by. Der var det så fullt. Ingen plass for dei til å overnatta. Til slutt fann dei denne stalle.» Besten nikkar. Han tek opp gjetarane. «Kva er med desse karane og sauene? Kor skal dei hen?» spør han. «Eg

veit, eg veit» ropar Jonas. «Dei skal òg i stalle. Dei kjem på besøk til Jesusbarnet. Ein engel kom til dei. Engelen sa at dei måtte skunda seg til Betlehem og besøka Jesusbarnet.» «Du veit jo mykje, Jonas.» Besten er begeistra. «Men kven er desse tre, her?» seier Besten og tek opp dei tre vismenn frå øskja. «Dei kom frå eit anna land», veit Jonas. «Dei såg julestjerna og følgde etter den fordi dei syntest den var så fin. Med seg hadde dei òg gåver.» «Flott. Då er me jo nesten ferdige. Berre att å setja stjerna over stalle. Så fint det blei. No kan det bli jul.» «Nei Besten. Det viktigaste manglar.» ropar Jonas forskrekka. Begge to ser på julekrybba. Ser i øskja. Ja, det manglar noko. JESUSBARNET. Kor er Jesusbarnet? No blir både Jonas og Besten nervøse. Dei byrjar å leita overalt. Mamma, pappa og Besta kjem for å hjelpe til. Utan Jesusbarnet kan det jo ikkje bli jul. Men endeleg. Jonas ser noko lite kvit skimta under sofaen. Der ligg Jesusbarnet. Besten hjelper han å ta figuren fram. Jonas tek figuren å set den forsiktig ned i julekrybba. No er den ferdig. Alle set seg og ser på den finne julekrybba. Jonas gler seg til julaftan.



DIKT KOR ER DU JESUSBARNET?

Fritt omsett etter eit tysk julespel frå Aurich Lamberti

Eg kan ikkje finne deg: Kor er du Jesusbarnet?
Eg er med dei fattige, dei som er gløymde.
Eg kan ikkje finne deg: Kor er du Jesusbarnet?
Eg er med dei sjuke, dei som er svake og einsame.
Eg kan ikkje finne deg: Kor er du Jesusbarnet?
Eg er med dei menneska, som ikkje har håp.
Jesusbarnet er ikkje i krybba.
Men det er ikkje farleg.
Det skal vere slik. Jesus er med dei menneska som treng han.
Ja, han er med meg når eg er trist.
Han er òg med meg når eg er fortvila.
Og med deg, når du er einsam.
Og med kvar og ein som manglar noko.
Jesus er i hjarta våre.
Det er jul.


FINN FRAM FARGEbLYANTAR



ER DU GLAD I PERLER?

Pynt di eiga julekrubbe med perler. Vil du vita korleis ein gjer resten, kan du kjøpa deg boka «Lag di eiga julekrybbe med perler» frå IKO. Scann QR-koden for å kjøpa heftet. Me har òg nokre hefte i Eidfjord kyrkje. Spør gjerne Manuela.

Her er oppskrifta til Jesusbarnet



JUL

I dag hadde me «jul» som sak på lagmøtet!

TEKST OG FOTO: ELIN RONDESTVEIT

Me er i november, og det nærmar seg både advent og jul! Me i småskulen har meldt oss på «Omvendt julekalender» (frå SOS-barnebyar) allereie. Vert det juleverkstad i år? Skal me baka peparkaker? Kva med juleprogram? Felles adventstund? Skal me gå rundt juletreet? Vert me inviterte til julegudsteneste i kyrkja? Kor tid vert det julevandring?

Mange spørsmål svirrer i lufta! - og det meste skal me nok klara å finna svar på!

Koronautbrotet la ein dempar på mykje av juleførebuingane til og med i 2021, men no er me snart i gang!



Keisar Augustus skriv i manntalet.



Framme i Betlehem.

Noko av det finaste eg er med på i tida før jul i skulesamanheng, er julevandringa i kyrkja i lag med forventningsfulle 1.klassingar! Keisar Augustus møter oss i kyrkjedøra, og me vert både Josef og Maria, englar, hyrdingar og vise menn etter kvart som me går innover i kyrkja! - og me syng songen me har øvd på på førehand:

*Nå vandrer fra hver en verdens krok,
i ånden frem, i ånden frem
et uoverstigelig pilgrimstog
mot Betlehem, mot Betlehem.*

*Og barna går foran glad i flokk,
så kvinner og menn, så kvinner og menn
selv skjelvende gamle tar sin stakk
til krybben hen, til krybben hen.*

Med dette vil eg ynskja alle ei fin adventstid!



Dei heilage tre kongar på veg.

Jolehelsing

frå Ulvik sokneråd



Ulvik sokneråd vil gjerne koma med ei lita jolehelsing til lesarane av kyrkjebladet Brubbyggjaren.

Me synest det har vore eit godt tiltak med felles kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik. Det krev mykje å gje ut fire utgåver for året, men med ein dyktig redaktør, Steinar I. Bergo, og ved god hjelp av kyrkjevevne i våre to sokner går arbeidet godt. Me kunne gjerne ynskja at fleire frå våre to kyrkjesokner er med og gjer bladet endå meir lesbart. Bladpengane er ei frivillig ordning, og me takkar alle som trufast betaler for bladet og i tillegg gjerne gjev noko ekstra. Økonomisk ser det ut til at ein går rundt, men trykking og porto stig jamleg, så det er lite å gå på.

Arbeidet i kyrkja har dette året vore noko lettare etter at restriksjonane av Covid 19 for det meste er fjerna. I Ulvik har diverre sokneprest Magnar Haaland vore mykje sjukemeld. Vikarprest har for det meste vore Bengt Staffan Arvidsson, noko me er svært nøgde med. I haust har soknepresten sagt opp stillinga som sokneprest og arbeider no som prostiprest med oppgåver for prosten i Voss og Hardanger. Soknepreststillinga er no lyst ut. Me ser fram til å få tilsett sokneprest for Granvin og Ulvik innan rimeleg tid. Konfirmantundervisinga for begge sokna vert no gjennomført av vikarprest Bengt Staffan Arvidsson og ved god hjelp av Jorunn Bergo Årvik som vert leigd inn frå Bjørgvin Bispedømekontor.

I Ulvik kyrkje har ein i haust fått installert nye varmeomnar. Dei gamle varmeomnane var frå 1955 og heldt ikkje krava lenger. Arbeidet vart godt utført av Vangen elektriske. Det meste av kostnaden, kr 648.000,- er løyvd av Ulvik herad, og om lag kr 230.000,- er kosta av kyrkja sitt investeringsfond. Dette vert sikkert ei god løysing som og kan gje noko stausparing. Varmen kan og styrast frå mobiltelefon og gjev ei mykje raskare oppvarming enn dei gamle ovnane. No når året går mot slutten, vil soknerådet takka alle gode hjelparar for arbeidet dette året. Takk til sokneprest Magnar Haaland og vikarprest Bengt Staffan Arvidsson for godt og tenleg arbeid. Takk og til organist Edyta Bryk. Me vil og



gjerne takka kyrkjetenar Janne Kristin Stenseth Håheim for den tida ho gjorde teneste. I tillegg vil me takka dei frivillige tekstlesarane som trufast hjelper til i kvar gudsteneste. Og framfor alt takkar Ulvik sokneråd kyrkjevevne og dagleg leiar Willemina van Manen for samvitsfullt og godt arbeid på kyrkjekontoret. Takk for godt samarbeid i soknerådet med ynskje om ei fredeleg jol og eit godt nyttår til alle.

Knut Nes - Leiar i Ulvik sokneråd

Adventstida i Eidfjord kyrkje



Vår gode Rolf er veldig glad i adventstida. I fjor hadde han sin egen adventskalender på Facebook. Følg gjerne med på nett, kanskje han kjem med nokre sprell i år òg.

I alle fall skjer det ein god del i kyrkja, både for store og små.

26.11.22	kl. 14.00 adventsmarknad og kl. 17.00 ljosomesse
06.12.22	kl. 10.00 Ferie utan koffert kl. 10.00 Besøk av dei minste i barnehagen til adventsstund i lag med «Ferie utan koffert»
08.12.22	kl. 16.00 Minikyrkje: Me lagar lyfter og besøkjer Bygdaheimen
11.12.22	kl. 11.00 Adventsgudsteneste med kyrkjekaffi
13.12.22	kl. 15.00 Juleverkstad for 2.-4. klasse
20.12.22	kl. 10.00 Adventssamling med barnehage
20.12.22	kl. 12.00 – 13.00 Open kyrkje: Me syng jula inn med julesongar. Etter songstunda er det servering av pepperkaker, kaffi og gløgg.

Kvar tysdag kl. 17.00 – 17.30, òg i desember, er det songstund for alle born frå 4 år og oppover.

Kvar onsdag kl. 11.00 – 13.30 er det småbarnskafé for alle foreldre som er heime i permisjon.

Nye varmeomnar i Ulvik kyrkje

TEKST OG FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

Arbeid med fjerning av dei gamle og montering av dei nye varmeomnane i Ulvik kyrkje blei gjort i september. Elektromekanikarar frå Vangen elektriske og snekkaren, Morten Hansen, frå Voss Bygg og Landskap har jobba godt i lag. Det var alltid ryddig i kyrkja, for det vart arbeidd med stor omtanke! Det vart stilt eit særleg krav til mekanikarane frå Vangen, dei måtte vera slanke! Og med god grunn, det er ikkje mykje plass mellom jorda og golvet. Stakkars gitar, som måtte krypa som i blinde ...

Eg måtte tenkja på grevlingen som er spesialist på å både grava i og krypa under jorda. Truleg hadde arbeidarane denne kjensla då dei utførde denne «underjordiske» jobben. Tydelege føredøme er gode å ha kor ein arbeider hen i ei kyrkje! Montering av alle varmeomnar under kyrkjebenkane var ein stor jobb, og det kostar litt. Men du ser nesten ingenting av det,



og slik skal det vera. Kyrkja vår er så vakker, me skal ikkje øydeleggja interiøret med stygge leidningar og omnar. Men eg tok eit bilde, liggjande på golvet. Det var ikkje enkelt! Eg gjorde det berre for å visa ein av dei nye varmeomnane som er monterte under kvar kyrkjebenk. Faktisk har me no setevarme i kyrkja vår, akkurat som i bilen!

Med stor takk til Ulvik herad - utan tilskot hadde me ikkje fått det til!

Som dagane går...

Døyppte

Ulvik
Ingen

Eidfjord
Joar Skjerven Tveito
Tuva Tyssebotn

Avlidne

Ulvik
Knut Aurdal, fødd 1946
Kåre Stalheim, fødd 1952
Agnes Lekve, fødd 1925
Carl Marstrander Larsen, fødd 1940
Ragnvald Olav Fleten, fødd 1926

Eidfjord
Oddveig Bu, fødd 1927



Gudstenesteliste



ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
24.12.2022	13:30	Sundag	Ulvik kyrkje	Julaftan
25.12.2022	12:00	Fredag	Ulvik kyrkje	1. juledag
31.12.2022	16:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Nyårsaftan
22.01.2023	11:00	Laurdag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
29.01.2023	14:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
12.02.2023	11:00	Laurdag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
26.02.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
12.03.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
19.03.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Barnas Påskefest
02.04.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Palmesøndag
06.04.2023	20:00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Skjærtorsdag
09.04.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	1. Påskedag
07.05.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
26.11.2022	17.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Ljosomesse
11.12.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
24.12.2022	16.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Jolaftan
25.12.2022	12.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	1. joledag
08.01.2023	11.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	
05.02.2023	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Familiegudsteneste
26.02.2023	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
26.03.2023	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
07.04.22	11.00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Langfredag
09.04.22	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	1. påskedag
03.05.22	18.00	Onsdag	Eidfjord kyrkje	Samtalegudsteneste
06.05.22	11.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no så set me deg på lista!

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og ved gåver.
Vipps Ulvik kyrkje: 125390 - Vipps Eidfjord kyrkje: 127865





Vårt Fjell & Fjord Hjerter er takknemlig;



Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord
www.effh.no / 53 66 52 64



ULVIK VVS
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no



GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer

hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)

- lysingar, gravferdssongar,

og andre praktiske ting med papir og

seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider

på tlf. 56 52 64 47

mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,

i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera

blomahelsingar til dei pårørende,

kransar

båredekorasjonar

bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



joker
- helt i nærheten

BUTIKK1 AS

5730 Ulvik

Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Maskinentreprenør
Arne Osa
5730 ULVIK
TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



FJORØTIND

HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // qvoringfoss@choice.no

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533


Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Endeleg juletefest att

TEKST: MANUELA BJOTVEIT
FOTO: EIDFJORD KYRKJE

Sjå korleis me koste oss på juletefest i 2020. To år kunne me diverre ikkje invitera til ei koseleg etterjulsstund i kyrkja. Men 2023 blir det att. Kom, kom. Ta med store og små. Eg er sikker på at Nissen finn vegen til Eidfjord kyrkje ein gong til.

Juletefest: tysdag 03.01.23 kl. 17.00 i Eidfjord kyrkje